


Gjennomgående perspektiv i fylkesplanen- rapport 2020



4

Gjennomgående perspektiv

Dei gjennomgående perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og statsetatane – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgående perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid og leggje grunnlag for at fylkeskommunen skal kunne vareta sentrale formål i plan- og bygningslova. Perspektiva skal vurderast for alle tiltaka i handlingsprogramma.

I løpet av dei siste åra har fleire av desse samfunnsomsyna også fått eigne lover. I 2011 fekk vi Folkehelselova og i 2013 kom Diskriminerings- og tilgjengelselova. På miljøområdet har vi m.a. Forureiningslova, Naturmangfaldslova, Vassforskrifta og Akvakulturlova.

To av desse omsyna er vurderte som så viktige i Regional planstrategi for 2016-2020 at dei har sine egne regionale delplanar; folkehelse og klima og energi. Desse planane legg grunnlag for god oppfølging av desse viktige samfunnsomsyna. I tillegg har folkehelse kome inn som del av innsatsområde kultur i denne planen. Det betyr ikkje at dette berre skal følgast opp på kultursektoren – det betyr berre at kulturavdelinga koordinerer arbeidet.

Samfunnstryggleik og beredskap er også forhold som skal vurderast i alle planar og tiltak. Dette omsynet skal følgast opp i sektorane sine handlingsprogram og verksemdsplanar.

Fylkestinget vidarefører tre gjennomgående perspektiv i fylkesplanen for 2017-2020:

- Klima og miljø
- Barn og unge
- Likestilling og inkludering

Klima og miljø

Natur- og kulturlandskapet i Møre og Romsdal er ein viktig ressurs for regional utvikling, og ein viktig faktor og ramme for sysselsetting, verdiskaping, busetnad og rekreasjon. Ein berekraftig arealpolitikk som tek omsyn til naturmangfaldet vil vere eit viktig verktøy for vidare utvikling i fylket. Alle avgjerelser om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader og infrastruktur vil påverke natur, energiforbruk og utslipp i lang tid framover. Paris-avtalen forpliktar Noreg til minst 40 prosent utslppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.

Fylkeskommunen skal vere pådrivar for utvikling av miljøvenleg teknologi og vere med på å prøve ut berekraftige, framtidige teknologiløysingar.

Klimaendringane vil sette samfunnet vårt på prøve, og det er viktig at vi både førebur oss på endringane og gjer vårt beste for å redusere omfanget av dei. For å nå dette målet må alle bidra til eit endra forbruksmønster. Barn og unge skal skape framtidens samfunn, og skulen har ei viktig rolle i dette arbeidet.

Førebygging av naturfarar og andre uønskete hendingar er særleg viktig i eit fylke med slik topografi som Møre og Romsdal, og vi må ha beredskap som reduserer skadeverknadene om noko likevel skulle skje.

Oppfølginga av klima og miljø som gjennomgående perspektiv blir knytt til handlingsprogrammet til Regional delplan for klima og

energi. Klimaplanen tar opp tre utfordringar – korleis vi kan redusere utslappa av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane.

Fylkesplanen skal bygge opp under målet i delplanen om at klimagassutslappa i Møre og Romsdal skal, i forhold til utslappa i 2009, reduserast med meir enn 10 prosent innan 2020.

Barn og unge

Barn og unge sin trivsel er viktig for framtidig busetting i fylket. Gode nærmiljø og moglegheiter til fritidsaktivitetar er naudsynt for å sikre barn og unge gode levekår, utviklingsmoglegheiter og trygge oppvekstmiljø.

Fylkeskommunen og kommunane pliktar å vareta barn og unges interesser i planlegginga. Kommunane har ei ordning med barnerepresentant – som fungerer varierende. Det er behov for klarare retningslinjer og innhald frå nasjonalt hald for ordninga. Fylkeskommunen vil prioritere oppløring av barnerepresentantane i kommunane.

Barn og unge skal kunne ta del i reelle politiske prosessar og få påverke sin eigen kvardag. Elevråd og ungdomsråd er viktige arenaer for demokratioppløring. Ei fortsatt satsing på skoloring og støtte til desse organa vil vere viktig framover.

Barn og unge er ei viktig målgruppe for dei fylkeskommunale tenestene og det er behov for godt tverrfagleg arbeid for å kunne koordinere og utvikle tilboda. To område som blir viktig framover er rådgivartenesta i vidaregåande skole og ei heilskapleg satsing på psykisk helse i skulen.

Likestilling og inkludering

Møre og Romsdal har lågare skår enn landsgjennomsnittet på 9 av 12 indikatorane i SSB sin likestillingsindeks. Arbeidsmarknaden er klart kjønnsdelt og det er eit tydelig kjønnskilje i jobbval, arbeidstid og løn. Fylkeskommunen vil prioritere tiltak som kan vere med å jamne ut desse skeivheitene.

Det er viktig å understreke at likestilling handlar om meir enn kjønn. Også eldre, funksjonshemma, innvandrarar og sårbar grupper er underrepresenterte på ei rekke samfunnsarenaer. Det må arbeidast for å inkludere desse gruppene i arbeids- og kvardagslivet. Både for den enkelte og for lokalsamfunna er det viktig å dra nytte av dei ressursane desse representerer. For innvandrarar er språkoppløring heilt sentralt her.

Det er grunnleggjande å oppnå likeverdige livsvilkår for personar med nedsett funksjonsevne mellom anna knytt til syn, hørsel, bevegelse og allergiar. Dei fysiske tilhøva skal vere utforma slik at dei i så stor utstrekning som mogleg kan brukast av alle utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Møre og Romsdal står ovanfor ei kraftig auke i delen eldre. Dette må takast omsyn til i fylkeskommunal- og kommunal planlegging, m.a. ved utdanning og rekruttering av helse- og omsorgspersonell. Gode transporttilbod og aktivitets- og kulturtilbod tilpassa eldre sine behov og ønsker er også viktig.

For meir kunnskap om dei gjennomgående perspektiva, sjå

- «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020»: www.mrfylke.no/rps
- Handbok for arbeid med dei gjennomgående perspektiva i fylkesplanen: www.mrfylke.no/fylkesplan
- Fylkesstatistikk 2016: www.mrfylke.no/fylkesstatistikk
- Regional delplan for klima og energi: www.mrfylke.no/klimaplan
- Regional delplan for folkehelse: www.mrfylke.no/folkehelseplan

Kva var dei viktigaste tiltaka i fylkeskommunen i 2020?

Innhald

Miljø og klima	2
Barn og unge	6
Likestilling og inkludering (i dette også universell utforming)	11

Miljø og klima



Tiltak	Målgruppe	Ansvar
<p>Miljøfyrtårn: 18 av 23 videregående skoler, 1 av 2 fagskoler og 3 av 4 av tannhelsetenesta sine kompetanseregioner, sentraladministrasjonen og fylkesbiblioteket er sertifisert miljøfyrtårn</p>		Alle stabs- og fagområda
<p>Energieffektivisering bygg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon i straumforbruk på ca. 22 % sidan 2009. Noko som tilsvara 6,65 Gwh • Etablering av jordvarmeanlegg på Kristiansund vgs, Volda vgs og Molde vgs som vil gi betydeleg lågare energiforbruk. • I tillegg fleire andre mindre energieffektiviseringstiltak. 		Bygg- og eigedomsavdelinga
<p>Fornybare energikjelder i bygg: Arbeid er utført for å erstatta oljefyring med grunnvarme som oppvarmingskjelde på Molde vgs, Kristiansund vgs og Volda vgs.</p>		Bygg- og eigedomsavdelinga
<p>Miljøvennleg transport: I 2020 starta Møre og Romsdal fylkeskommune opp eit forprosjekt på utsleppsfritt hurtigbåtanbod i Møre og Romsdal med tildelte Klimasatsmidlar. Utreiinga ser mellom anna på seglingsruter, straumnett, ladeinfrastruktur, effektbehov, løysing for automatisk lading og fortøying og tilpassing av anløp og kaier. Den vurderer også aktuelle nullutsleppsalternativ på dei ulike rutene og drøfter visuelle utfordringar og støy frå kaianlegg. Prosjektet skal bli ferdig i løpet av våren 2021.</p>	Leverandørar, Befolkninga	Samferdsels-sektoren
<p>Elektrifisering av fylkesvegferjene vil gi ein samla reduksjon i CO₂-utslepp på 38 000 tonn per år innan 2024. I 2020 blei det satt i drift fem nye miljøferjer; tre på Hareid-Sulesund og to på Sykkylven-Magerholm. Dette gir ein reduksjon i CO₂-utslepp på 16 000 tonn per år. Til no har Møre og Romsdal fylkeskommune inngått kontrakt om miljøferjer på totalt 10 ferjesamband og 16 ferjer.</p>	Leverandørar, Befolkninga	Samferdsels-sektoren

Gjennomført moglegheitsstudie "Batterielektrisk hurtigbåt Langevåg-Ålesund" gjennom Grønt Skipsfartsprogram.	Leverandørar, befolkninga	Samferdsels-sektoren
Arbeid med å utvikle tilbod ut frå kundane sine behov, som kan auke kundegrnlag for kollektivtransporten. Ein pilot på «9-13 skolebillett» med finansiering frå kommuner er igangsatt for Averøy og Kristiansund kommuner.	Kundar	Samferdsels-sektoren
Arbeid med førebuing og planlegging av Bypakke Ålesund.	Befolkninga, kommune	Samferdsels-sektoren, Ålesund kommune, Statens vegvesen
Arbeid med å få Ålesund inn i ei ordning tilsvarande byvekstvtaleordninga i neste NTP	Befolkninga, kommune	Samferdsels-sektoren, seksjon for plan, Ålesund kommune
Det har blitt arbeidd med ein utviklingsplan for kollektivtransporten i Ålesund. Planen skal både sjå på infrastrukturtiltak og driftstiltak, samt tiltak som fremmer kollektivtransporten. Planen skal vere ferdig i løpet av 2021.	Befolkninga	Ålesund kommune, Statens vegvesen, konsulentmiljø og Samferdsels-sektoren
Ny busskontrakt i Ålesund, Giske og Sula som starta i januar 2021 omfattar ma. elektriske bussar og leddbussar. Elbussane skal køyre 750 000 kilometer utsleppsfritt og vil redusere klimagass-utsleppa med meir enn 560 tonn CO2 per år.	Bussoperatør	Samferdsels-sektoren
Rutetilbodet i Kristiansund er lagt om, for å lage meir attraktive ruter. Det blir arbeidd med vidare justeringar av tilbodet.	Befolkninga	Samferdsels-sektoren, kommunar
Set klima- og miljøkrav til driftskontraktar på fylkesveg. Kontraktar som har starta i 2020 har fått slike krav.	Leverandørar	Samferdsels-sektoren,
Prosjektet «Smartere transport i Norge» går over fleire år, og skal resultere i ein moglegheitsstudie for autonome fartøy i byområda. Miljøvenleg teknologi er ein del av løysinga. I 2020 er arbeidspakke 2, 3 og 4 starta opp.		Regional- og næringsavdelinga Samferdsels-sektoren, Sintef, NTNU, Kristiansund og Ålesund kommunar
Pådrivar for statleg støtte til meir miljøvennleg ferjemateriell og miljøtilpassa kaier	Staten	Samferdsels-sektoren, økonomi
Arbeidd vidare med delplan for samordna areal – og transportplanlegging i Ålesundregionen (kalla PAKT)	Kommunar	Seksjon for plan, Samferdsels-sektoren
Ei sikker og effektiv kraftforsyning er avgjerande for næringsutvikling, utvikling av transportinfrastrukturen og for å kunne oppfylle klimakrava. Fylkeskommunen har derfor i 2020 arbeidd for at Statnett må sikre eit betre nett i Møre og Romsdal, m.a. gjennom fleire møte med olje- og energiministeren om dette. Vi har i 2020 også engasjert oss i Statnett sin prosess for å	Kraftindustrien	Regional- og næringsavdelinga

omklassifisere transmisjonsnett til regionalt distribusjonsnett, med mål om eit konsolidert nettselskap i fylket. Dessverre har det ikkje lykkast å finna ei samlande løysing mellom partane.		
Systematisk arbeid for betre vatn: Fylkeskommunen har gjennom året involvert kommunar, sektormyndigheiter, næringsaktørar og privatpersonar i rulleringa av regional plan for vassforvaltning for 2022-2027. Dette har vore gjort gjennom dialogmøte og felles arbeidsmøte der det har blitt utarbeidd tiltak, miljømålsettingar og plandokument. I 2020 vart det starta opp 58 tiltak i vassregionen. Sjøaureprosjektet «Mange bekkar små» kom i gang, prosjektet skal kartlegge mindre sjøaurevassdrag slik at dei kan takast vare på og sette i verk tiltak om nødvendig.	Kommunane, interesseorganisasjonar, næringsliv	Regional- og næringsavdelinga
Marin kartlegging gjev ny kunnskap og betre planer: I 2020 har fylkeskommunen deltatt i den nasjonale piloten for marine grunnkart i kystsona på Nordre Sunnmøre, og vi har posisjonert fylket inn mot det nasjonale programmet for kartlegging som skal etablerast frå 2023. Fylkeskommunen har støtta oppstart av to interkommunale planar i sjø (Hustadvika og Aukra, og Fjord, Stranda og Sykkylven). Vi har også gitt forskingsmiljøa eit løft på forskning knytt til kliniske undersøkingar og gitt støtte til forskingsinfrastruktur hos Nofima og Norsøk. I tillegg har vi støtta Møre Havlab hos Atlanterhavsparken.	Kommunane	Regional- og næringsavdelinga
Steg for steg mot lågare klimautslepp Fylkeskommunen arbeider saman med Miljødirektoratet, statsforvaltaren og Gassco for å kunne utnytte spillvarmen frå Nyhamna- anlegget. I det internasjonale samarbeidsprosjektet G-PaTRA blir det laga eit businesscase for hydrogenproduksjon og bruk på Smøla. Før koronautbrotet rakk vi å arrangere dialogmøte om hydrogen i Ålesund og Molde, med til saman over 80 deltakarar. Vi har vore i dialog med moglege biogassaktørar, og har støtta prosjekt som skal utvikle bruk av solceller for energiproduksjon til fiskeoppdrett. Vi har også støtta forprosjekt som skal sjå på bruk av hydrogen i asfaltproduksjon.	Kommunane, fylkeskommunen, næringslivet	Regional- og næringsavdelinga
Nettverk og samarbeid i kommunane * Partner i klimanettverk for kommunar på Sunnmøre og på Nordmøre. Representert i prosjektgrupper og styringsgrupper i prosjekta som arbeider med klimagassreducerande tiltak. * Bidrege aktivt inn i prosjektgruppe for Samordna klima-, areal- og transportplan i Ålesundsregionen (no PAKT).	Kommunane	Regional- og næringsavdelinga, samferdselsavdelinga og stab for strategi og styring

* Deltatt i klimanettverk for fylkeskommunane (nasjonalt kollegium)		
Ta vare på kulturminne og kulturmiljø: Gjennom arealplanarbeid, sikring og skjøtsel blir verdifulle kulturminne ivareteke	Kommunar, innbyggjarar	Kulturavdelinga, kommunane
Auka fokus på konsekvensane av klimaendringar for regional kulturarv gjennom arbeid med regional klimaplan og gjennom kartlegging av tilstand og sårbarheit	Kommunane, fylkeskommunen, nasjonale styresmakter	Kulturavdelinga
Etablert samarbeid med klimaforskarar i fylket med bakgrunn i kartlegginga ovanfor	UIB, Bjerknessenteret	Kulturavdelinga
Starta kartlegging av tilstand og sårbarheit på kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi	Kommunar	Kulturavdelinga
Tilskot til skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne	Kommunar, organisasjonar	Kulturavdelinga
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	Kommunar	Kulturavdelinga, plan- og analyseavdelinga, Friluftsråda, kommunane
Miljøvenleg friluftsliv: Etablering av Skjærgardstenesten i Møre og Romsdal	Innbyggjarane, kommunane	Kulturavdelinga, Friluftsråda, Miljødirektoratet
Vidareutvikle morotur.no som friluftslivs- og reiselivsprodukt	Heile befolkninga	Kulturavdelinga, regional- og næringsavdelinga
Ny anleggspolitikk vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet 1. desember sak KNF-110/20. Det blir peika ut tre hovudsatsingar for anleggsutviklinga i anleggspolitikken. Desse er: - Nærmiljøanlegg, med prioritering av anlegg med kort avstand for flest mogleg, irekna anlegg med innslag av nyskaping som kan tiltrekke seg ungdom - Friluftslivsanlegg, der anlegga som er del av ein plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane blir prioritert - Sikre eit mangfald av anlegg, med mål om at dette vil få fleire i aktivitet enn ved å berre prioritere nokre få anleggstypar	Barn og unge 6-19 år, personar med funksjonsnedsetting, fysisk inaktive	Kulturavdelinga
Miljøvenleg bibliotek: Tilbyr e – bøker gjennom appen eBokBib	Innbyggjarane	Kulturavdelinga, kommunane

Barn og unge



Tiltak	Målgruppe	Ansvar
<p>Barn og unge sine interesser i planar: Vi har følgd opp barn og unge sine interesser i kommunale plansaker – reist motsegn til 11 planar på dette grunnlaget</p>	Kommunar og fylkeskommunar	Stab for strategi og styring
<p>Læreplassar for ungdom: For å skaffe fleire læreplassar blei kampanja «Tenk framtid - bli lærebedrift» vidareført. I kampanja var det reklame på bussar og terminalar, og informasjon om det å vere lærebedrift på fylkeskommunen sine heimesider og i sosiale media. Denne satsinga var spesielt viktig dette året for å bidra til at fleire ungdommar fekk seg læreplass på tross av ein usikker arbeidsmarknad.</p>	Elevar / lærlingar, arbeidslivet	Utdanningsavdelinga
<p>Trygt og forsvarleg skolemiljø: Alle vidaregåande skolar har etablert innsatsteam mot mobbing (SIM). Alle tilsette ved skolane har gjennomført fagdag om mobbing i regi av læringscenteret ved universitetet i Stavanger</p>	Elevar	Utdanningsavdelinga, PPT med fleire
Vidareført samarbeidsavtale med Molde kommune for å betre overgangar mellom skoleslaga	Elevar	Molde kommune, utdanningsavdelinga
NAV i skole. Formelt samarbeid mellom fleire vidaregåande skoler og NAV. Målsetning om at elevane lettare kan få tilgang til NAV sine tenester og rettleiing, gjennom at NAV er på skolane. Samarbeidet mellom NAV og skole blir meir formalisert og tenleg.	Elevar	NAV, skolane, utdanningsavdelinga
Implementering av handbok – rettesnor for arbeidet med skolemiljø. Dette er eit kontinuerleg arbeid. I 2020 blei det tilrettelagt for retningslinjer og gode eksempel på tiltak på tvers av skolar i Teams.	Elevar	Utdanningsavdelinga
<p>Internasjonalt samarbeid: Det er sendt rammesøknader for mobilitet for tilsette i skolar og for fag- og yrkesopplæringa. Søknadane er innvilga, men det er ikkje gjennomført mobilitetsaktivitet på grunn av pandemien. Det er også søkt om akredittering som konsortium for studieførebuande utdanningsprogram.</p>	Elevar / lærlingar / tilsette	Utdanningsavdelinga

Tannhelsetenester til barn og ungdom: Det helsefremmande, førebyggjande arbeidet og tannbehandling til barn og ungdom har i 2020 omfatta 51 015 personar. Koronapandemien, med smitteverntiltak og restriksjonar på behandlingssomfanget, har medført at færre pasientar har fått behandling.	Barn og unge definert i lov om tannhelse-tenester	Fylkestannlegen
Det utadretta arbeidet ovanfor barnehagar, skolar og helseinstitusjonar har blitt redusert frå 2369 timar i 2019 til 982 timar i 2020 som følgje av smitteverntiltak.	Pasientgrupper definert i lov om tannhelse-tenester	Fylkestannlegen
Ny "Strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeidet i den offentlege tannhelsetenesta" er utarbeidd i 2020. For gruppa 0-18 år er det sett opp tiltak på klinikknivå og tiltak i det utadretta arbeidet, samt oppfølging av barn og unge med høg risiko for tannsjukdom. Førebyggjande tiltak knytt til enkeltindivid med fokus på munnhygiene, kosthald, bruk av fluor og fissurforsiging er sentralt.	Barn og unge definert i lov om tannhelse-tenester	Fylkestannlegen
Ungdomsmedverknad: Ungdomspanelet har hatt 9 møte (til saman 21 møtedagar) og handsama 43 saker.	Ungdomsrepresentantar	Stab for strategi og styring/ Adm. Seksjon/ Ungdomspanelet
Arrangerte Ungdommens fylkesting i november med ungdommar frå heile fylket.	Ungdomsrepresentantar /ungdomsråd/ ungdom i fylket	Stab for strategi og styring/ Adm. Seksjon/ Ungdomspanelet
Ungdomspanelet har skrive mange høyringssvar og hatt eit ekstra fokus på ung medverknad i fylkespolitikken.		Ungdomspanelet/ Stab for strategi og styring
Løfta fram kommunar som jobbar med å leggje til rette for medverknad, møteplassar, allsidig fritidstilbod og særskilt innsats for ungdom gjennom å kære Årets ungdomskommune på ungdommens fylkesting	Ungdomsrepresentantar /ungdomsråd/ ungdom i fylket	Ungdomspanelet
Ungdomsmidlane – fordelt 250 000 kr til tiltak som ikkje får pengar gjennom det ordinære budsjettet til fylkeskommunen	Ungdom i fylket	Stab for strategi og styring/ Adm. Seksjon/ Ungdomspanelet
Brukt facebookside «ungdomspanelet i Møre og Romsdal» og instagram for å formidle relevant informasjon og aktivitet ut til ungdom i fylket + skrive kronikkar og fått oppslag i media m.a. om val av yrkesfag, medverking i planprosessar og inkludering av unge i politikken	Ungdom i fylket	Stab for strategi og styring/ Adm. Seksjon/ Ungdomspanelet
Ungdomspanelet har jobba aktivt for å oppretthalde kontakt og støtte arbeidet til ungdomsråda/ ungdommens kommunestyre rundt i fylket	Ungdomsråd/ ungdommens kommunestyre /ungdom i fylket	Stab for strategi og styring/ Adm. Seksjon/ Ungdomspanelet

I løpet av sin periode har ungdomspanelet delteke på møte i fleire hovudutval. Rådet har deltatt aktivt i fylkeskommunale prosjekt, som vore med i arbeidsgrupper for Møre og Romsdal som region mot 2025.		Ungdomspanelet
Ungdomspanelet deltok i planlegginga og gjennomføringa av Nyttårskonferansen 2021 – tema berekraftsfylket	Deltakrane på Nyttårs-konferansen (leiarar i offentleg sektor i Møre og Romsdal)	Stab for strategi og styring/ ungdomspanelet
Ungdomspanelet og ungdom i URG (ungdommens ressursgruppe i UKM, ung kultur møtes) medverka i arbeidet med å delvis iverksette ny driftsmodell for UKM i Møre og Romsdal, tilpassa covid-19.	Kommunene, URG og AU i UKM-systemet	Kulturavdelinga
By- og tettstadsutvikling. Perspektivet barn og unge ligg heilt sentralt i arbeidet med by- og tettstadsutviklinga i fylket. Å utvikle byrom i tettstadane som er attraktive for bruk og opphald for barn er eit overordna og grunnleggjande mål. Tettstadprogrammet oppmodar kommunane til å gjere barnetrakkregistrering og sørge for god medverknad frå barn og unge som grunnlag for fysiske opparbeidingar.	Barn og unge	Regional- og næringsavdelinga
Lærlingekvotar fiskeri. Fylkeskommunen har ansvar for å tildele skule- og lærlingekvotar til fiskerinæringa. Dette er ei ordning for å mobilisere fiskerinæringa til å ta inn fleire lærlingar. Møre og Romsdal har ei stor fiskeflåte, og denne ordninga er godt kjent i næringa. I 2020 vart det innvilga 51 lærlingekvotar og 4 skulekvotar. Samanlikna med våre nabofylke har Møre og Romsdal eit vesentleg høgare tal med lærlingar som søker lærlingekvote.	Lærlingar	Regional- og næringsavdelinga
Barn og unge som målgruppe for samferdselstenester: «Barnas transportplan» har vore ein del av prioriteringane til Nasjonal transportplan. Prioritering frå fylkestinget i Møre og Romsdal til Nasjonal transportplan 2022-2033 er at «Barnas transportplan bør fremme god folkehelse blant barn og unge, gjennom tiltak knytt til trafikktrygging og utbygging av gang- og sykkelveggar både i by og distrikt.»	Barn og unge generelt	Samferdselsdepartementet
Ungdommens fylkesting har medverka i utarbeiding av fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024	Barn og unge generelt	Samferdselssektoren
Forsøksordning med 9-13 skolebillett, som er ei skyssordning for skolar i tidsrom med ledig kapasitet	Barnehagar	Samferdselssektoren
Vi er tydelege på trafikktrygging i våre høyringsuttaler med tanke på rekkefølgekrev og arealbruk i arbeidet med regulerings- og kommuneplanar.	Barn og unge generelt	Samferdselssektoren, kommunar

Trafikksikkerheit står i førarsetet når det gjelder våre høyringsuttaler.		
Det er arbeid med Team #, eit trafiktryggingstiltak med samlingar retta mot aldersgruppa 18-24 år. Pga koronasituasjonen har det blitt vanskeleg å gjennomføre samlingar i samsvar med planen.	Unge vaksne	Samferdselssektoren, Astero Kompetanse A/S
Det er arbeid med barnehagekampanjar med sikring av barn i bil	Foreldre til barn i barnehagar	Trygg trafikk
Barneteateret «Ville veier og vrange skilt» har førestillingar på barneskolar i heile fylket	Barn i barneskolealder	Teatergruppe
Tiltakspakke for trafiktrygging i skolar. Det er gjennomført fleire skolebesøk, men koronasituasjonen har gjort at vi ikkje har fått fullført i samsvar med plan. Blir følgt opp i 2021.	Barn i barneskolealder	Samferdselssektoren, Trygg trafikk
Gjennom nye midlar og tiltakspakker har vi utbetra eksisterande gang- og sykkelvegnett.	Innbyggjarar i fylket	Samferdselssektoren, kommunar
Kulturtenester til barn og unge: Tildelt idrettsstipend til unge utøvarar og klubbar	Unge utøvarar, klubbar	Kulturavdelinga, Møre og Romsdal idrettskrets
Tildelt spelemidlar til lokale kulturbygg	Barn og unge, kommunar, frivillige lag og organisasjonar	Kulturavdelinga
Arrangert Frivilligforum	Frivillige lag og organisasjonar	Kulturavdelinga
Tilskot til prosjekt i frivillig verksemd	Frivillige lag og organisasjonar	Kulturavdelinga
Gjennomført Den kulturelle skolesekken for barn og unge i fylket 6 – 19 år.	Barn og unge 6-19 år	Kulturavdelinga, kommunane, Kulturtanken
Tildelt midlar til kunstinstitusjonar for utvikling av produksjonar til Den Kulturelle skulesekken	Barn og unge	Kulturavdelinga
Ungdom var med i planlegginga av ei større konferanse Barn og unge kunst og kultur, som vart avlyst pga Covid-19.	Barn og unge	Kulturavdelinga
Ungdom deltok i redaksjonsgruppe om å utarbeide temaplan for UNGkunst og kultur i Møre og Romsdal, som i 2020 vart innlemma i arbeidet med strategi for kulturområdet.	Kommunane Kristiansund, Sunndal og Vestnes, ungdomspanelet, Kulturtanken (BUSK)	Kulturavdelinga
Iverksetting ny driftsmodell for UKM i Møre og Romsdal, sterkt prega av covid-19.	Kommunene, URG og AU i UKM-systemet, ungdomspanelet	Kulturavdelinga
Fullført utviklingsprosjekt "Skole - DKS".	Fagerlia VGS, Kulturtanken, utdanningsavdelinga	Kulturavdelinga
Gitt tilskot og rådgeving til bygging av anlegg for friluftsliv og idrett for barn og unge gjennom spelemiddelordninga	Barn og unge 6-19 år	Kulturavdelinga

Ny anleggspolitikk vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet 1. desember sak KNF-110/20. Det blir peika ut tre hovudsatsingar for anleggsutviklinga i anleggspolitikken. Desse er: - Nærmiljøanlegg, med prioritering av anlegg med kort avstand for flest mogleg, irekna anlegg med innslag av nyskaping som kan tiltrekke seg ungdom - Friluftslivsanlegg, der anlegga som er del av ein plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane blir prioritert - Sikre eit mangfald av anlegg, med mål om at dette vil få fleire i aktivitet enn ved å berre prioritere nokre få anleggstypar	Barn og unge 6-19 år, personar med funksjonsnedsetting, fysisk inaktive	Kulturavdelinga
Jenteløftet har som mål å få fleire jenter til å spele fotball lengre. Prosjektet jobber blant anna med å skape varige endringar i haldningane til jentefotball og hindre fråfall.	Barn og unge 6-25 år	Kulturavdelinga, Sunnmøre Fotballkrets Nordmøre og Romsdal Fotballkrets
Fylkeskommunen deltek i «Program for folkehelsearbeid i kommunene». Ei nasjonal satsing på barn og unge sin psykiske helse og rusmiddelforebygging, og i fylket er temaet «frå utenforskap til innanforskap»	Barn og unge 0-23 år	Kulturavdelinga
Koordinert og drifta ordninga Kulturrabatt for ungdom	Ungdom 16-20 år	Kulturavdelinga, kultur-institusjonar
Koordinering og tilskot til gjennomføring av formidlingsturné i barnehagar.	Barn og unge 0-6 år	Kulturavdelinga, kommunane
Koordinering av den nasjonale digitale lesekampanjen «Sommarles».	Barn og unge 6-13 år	Kulturavdelinga, kommunane
Arrangert barnebokbadkurs for bibliotektilsette og pedagoger frå fire kommunar	Barn og unge 6-13 år	Kulturavdelinga
Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar	Barn og unge	Kulturavdelinga
Det er gjort ei kartlegging av tilrettelagte kulturstiar, og potensielle KUL-turar i Morotur	Kommunar, frivillig sektor, befolkninga,	Kulturavdelinga
I samband med prosjektet "Ein bit Historia» er det sett i gang eit delprosjekt for å skape eit digital formidlingsunivers, med særleg fokus på å nå ut til barn og unge.	Kommunar Næringsaktørar Museum	Kommunar Museum Kulturtanken Høgare utdanning Forskingsaktørar Næringsaktørar

Likestilling og inkludering (i dette også universell utforming)



Tiltak	Målgruppe	Ansvar
<p>Integrering : Rådgivarar for integrering blei tilsett frå 01.01.20. Ansvar for oppgåver på integreringsfeltet som kjem av regionreforma og ny integreringslov med forskrift er klar og samhandling med kommunane er i godt gang.</p>	Kommunane	Utdanningsavdelinga
<p>Fire ulike pilotar er i gang innanfor vgo for vaksne for minoritetspråklege. To av pilotane avslutta vår 2020 – 22 deltakarar i helsearbeiderfaget starta på læretid etter ferien. Alle pilotane er i samarbeid med kommunar, NAV Møre og Romsdal og lokale Nav-kontor. Løp i Industrimekanikarfag er i samarbeid med Maritim foreining Søre Sunnmøre (MAFOSS) Det er skreve samarbeidsavtalar med alle partar – alle parter deltar med finansiering av løpa.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helsearbeiderfag i Vanylven: Herøy vgs ansvarlig, avslutta vår -20, 10 gått vidare til læretid - Helsearbeiderfag i Ulstein og omegn: Herøy vgs ansvarlig, avslutta vår-20, 12 gått vidare til læretid - Helsearbeiderfag i Rauma: Romsdal vgs ansvarlig for administrasjon – Rauma vgs for faglig gjennomføring - Industrimekanikerfag i Ulstein: Herøy vgs ansvarlig 	Vaksne minoritets-språklege	Utdanningsavdelinga kommunar, NAV Møre og Romsdal og lokale Nav-kontor
<p>Karriererettleiing for vaksne, individuelt eller i grupper og rettleiing av busette flyktningar er gjennomført. De er etablert rutinar for ny lov i 2021, - busette flyktningar skal ha karriererettleiing før introduksjonsprogrammet, og seinast tre månader etter busetting. Det er starta vidareutdanning av seks rettleiarar i temaet “karriererettleiing for språklege minoriteter”.</p>	Vaksne, minoritets-språklege	Utdanningsavdelinga
<p>Den offentlege tannhelsetenesta har samarbeidsavtalar med flyktingtenesta i kommunane om å gi eit godt tilbod til denne gruppa, førebyggjande tiltak, tilpassa tiltak og betre informasjon</p>	Asylsøkarar, flyktningar	Fylkestannlegen, kommunane
<p>Fylkeskommunen har arrangert kurs for innvandrarar som ønskjer å starte verksemd i Norge, Starte bedrift i Norge. Opplegget inneheld 6 samlingar i Molde og Kristiansund, og er støtta av IMDi.</p>	Innvandrarar	Regional- og næringsavdelinga, hoppid.no, Skatt Midt-Norge, Flyktinge-tenesta

Kjønnslikestilling i utdanningsval- og arbeidsliv: Arbeidsgruppe: kjønnsperspektivet i arbeidslivet	Elevar	KS, partane i arbeidslivet, Utdanningsforbundet, elevorganisasjonen og fylkeskommunen
Prosjektet « Jenter i elektro » blei avslutta sommaren 2020 og rapporten lagt fram for yrkesopplæringsnemnda og utdannings- og kompetanseutvalet.	Elevar	Utdanningsavdelings , koordinator på Romsdal videregående skole
Ungt Entreprenørskap har eit program for vidaregåande skole som heiter «Jenter og ledelse». På grunn av pandemien var det ikkje mogleg å gjennomføre dette i 2020.	Ungdom	Ungt Entreprenørskap/ vidaregåande skolar
Kjønnsperspektivet er følgt opp i handlingsplan for rekruttering, i HMS-rapporteringa og i lønnsstatistikken	Eigen organisasjon	Organisasjonsseksjonen
Tannklinikkane er viktige kvinnearbeidsplassar, og over 90 % av dei tilsette i 2020 er kvinner. Andelen høgt utdanna unge kvinner (tannlegar) har auka dei siste åra som følgje av generasjonsskifte i denne yrkesgruppa med avgang av mannlege tannlegar.	Høgt utdanna kvinner	Fylkestannlegen
Inkludering i utdanning og arbeid: Vidareutvikling av I Ung som er oppfølgingstenesta sitt tiltak for aktivitet av ungdommar utanfor skole og arbeid.	Elevar som fell utanfor ordinær opplæring	Utdanningsavdelinga
Følgd opp mål- og tiltaksplan for IA-arbeidet i organisasjonen. Fylkeskommunen har forplikta seg til 4 IA-plasser; 1 i sentraladministrasjonen, 1. i tannhelsesektoren og 2 i utdanningssektoren. I tillegg har alle einingar lokale samarbeidsavtalar med NAV.	Arbeidstakarar som har behov for utprøving hos annan arbeidsgivar	Organisasjonsseksjonen Fagavdelingane Fylkestannlegen Vidaregåande skolar
Universell utforming: I alle funksjonsprogram for nye/rehabilitering av tannklinikkar er det stilt krav om universell utforming for å imøtekomme krav og behov hos ulike brukargrupper i den offentlege tannhelsetenesta.	Brukarar av tannhelsetenesta og eigne tilsette	Fylkestannlegen
Arbeider kontinuerleg for at nettsidene til mrfylke skal vere mest mogleg universelt utforma	Alle	Org.avd. – Kommunikasjonsseksjonen
Gjennom ei satsing på klarspråk arbeider vi for at tekstar, i ulike kanalar skal vere enkle å lese og bli forstått av alle	Alle	Org.avd. – Kommunikasjonsseksjonen
Brei annonsering av endring av rutetider, ved pressemeldingar, annonser på nettaviser, bruk av sosiale media og eige nettside, samt film på trafikkterminalar om kvar ein kan finne informasjon.	Befolkninga	Samferdselssektoren, kommunikasjonsavdelinga
Arbeidar med prioriterte framkometiltak for kollektivtrafikk i utviklingsplan for kollektivtransport i Ålesund	Befolkninga	Samferdselssektoren, kommunen, Statens vegvesen

Det er krav til universell utforming i alle nye kontraktsinngåingar for buss og ferje	Befolkninga	Samferdselssektoren
MRFK deltar i referansegruppe i arbeid med utforming av veileder for universell utforming av reisekjeda innafor buss og bane. Arbeidet er finansiert av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.	Befolkninga	BUFdir, Universell utforming AS, Samferdselssektoren
MRFK skulle sjå på konsekvensar av endring i drosjeregulering frå 1.11.20 (utsett frå 1.7.20 pga korona), og vurdere innføring av einerettar. Innføring nytt regelverk i drosjemarknaden vart utsett frå 1. juli 2020 til 1. november 2020. Fylkestinget vedtok 9. desember 2019 at fylkeskommunedirektøren skulle komme med ei vurdering av situasjonen rundt einerettar etter eit år frå innføring av nytt regelverk. Sak om behov for einerettar vil bli lagt fram hausten 2021. Universell tilgjenge til drosjetenestar vil bli vurdert.	Drosjemarknaden , befolkninga	Samferdselssektoren
MRFK ser til at alle kommunale planer tar omsyn til kollektiv, særskilt i arbeidet med bypakkar. Det gjeld også universell utforming og ganglenker. Vi har kontinuerleg søkelys på kollektiv og mjuke trafikantar i høyringsuttaler til kommunale planer, spesielt med fokus på bypakken.	Kommunar, befolkninga	Samferdselssektoren
Vi har utarbeidd eit "ambassadørprogram" for sjåførar/personell på bussar og hurtigbåtar, leing hos operatørar og tilsette hos FRAM for å sikre ei felles forståing for oppgåvene til FRAM, og alle som er tilsette innanfor kollektivområdet. Programmet skal auke sjåføren si forståing av si rolle, og betydninga av god kundeservice til alle reisande. Oppstart av programmet er utsett på grunn av koronasituasjonen.	Tilsette i operatørselskap, befolkninga	Samferdselssektoren
Stilt krav til søkjarar og gjeve rettleiing om utforming av anlegg ved søknad om spelemidlar	Kommunar Lag og organisasjonar	Kulturavdelinga Kommunar Søkarar
Prosjektet «Trillevnlege turar» - morotur.no er tilrettelagt med turar som er tilgjengelege for funksjonshemma, og som har høgast mogleg grad av universell utforming.	Befolkninga i fylket, personar med nedsett funksjonsevne	Nordmøre og Romsdal friluftsråd, Kulturavdelinga
Tilrettelagt og prosjektert kulturstiar ved gravminner og andre arkeologiske funn, mellom anna Hareid, Holskeidet/Sunndal, Bjørset/Molde og Eidet i Surnadal	Befolkninga i fylket	Kulturavdelinga Kommunane
Alle vidaregåande skolar er nå skilta utvendig i henhold til fylkeskommunens skiltmal (Skiltmalen er utarbeida for å sikre at krava om universell utforming er følgt)	Befolkninga, elevar, tilsette	Bygg- og eigedomsavdelinga
Innan vidaregåande utdanning er alle nybygg og rehabiliteringar gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og bruk av tredjepartskontroll for å verifisere at alle krav er følgde	Brukarar av vidaregåande skolar	Bygg- og eigedomsavdelinga

Felles samling for plannettverka med temaet sosial berekraft, der universell utforming var eit av temaa.	Planleggarar og andre tilsette i kommunane	Stab for strategi og styring saman med Fylkesmannen
Fellesprosjekt med Husbanken rundt pilotprosjektet Planar og tiltak for eit aldrande Samfunn. Søkelys er retta mot kommunal bustadpolitikk/bustad for velferd. Tre pilotkommunar deltar i prosjektet; Ulstein, Ørsta og Volda.	Eldre og personar med funksjonsnedsetting	Stab for strategi og styring, Fylkesmannen, Husbanken
Deltatt i KS kommunenettverk for universell utforming	Kommunar og fylkeskommunar frå heile landet	Stab for strategi og styring
Inkludering i kulturaktivitetar og fritid: Lagt til rette for leseopplevingar for dei som av ulike grunnar ikkje kan lese sjølve gjennom leseombodsordninga, kor frivillige les. Over 20 kommunar har et Bok til alle-bibliotek.	Dei som av ulike grunnar ikkje kan lese sjølv	Kulturavdelinga Folkebiblioteka Leseombod (frivillige)
Gjennom Den kulturelle skolesekken har alle barn og unge i grunnskule og vidaregåande skule fått oppleve eit mangfaldig kulturtilbod.	Skular	Kulturavdelinga
Drifta Råd for likestilling for personar med nedsett funksjonsevne og Fylkeseldrerådet	Befolkninga i fylket	Kulturavdelinga
Hatt fokus på likestilling og inkludering gjennom arbeid med helseløyper, tilretteleggande lågterskeltiltak og nærmiljøanlegg.	Alle innbyggjarar i fylket og besøkande	Kulturavdelinga
Ny anleggspolitikk vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet 1. desember sak KNF-110/20. Det blir peika ut tre hovudsatsingar for anleggsutviklinga i anleggspolitikken. Desse er: - Nærmiljøanlegg, med prioritering av anlegg med kort avstand for flest mogleg, irekna anlegg med innslag av nyskaping som kan tiltrekke seg ungdom - Friluftslivsanlegg, der anlegga som er del av ein plan for friluftslivets ferdslsårar i kommunane blir prioritert - Sikre eit mangfald av anlegg, med mål om at dette vil få fleire i aktivitet enn ved å berre prioritere nokre få anleggstypar	Barn og unge 6-19 år, personar med funksjonsnedsetting, fysisk inaktive	Kulturavdelinga
Litterære pusterom - Shared reading. Tilbydd leseleiar kurs for bibliotektilsette og frivillige som les for eldre og andre målgrupper i kommunane.	Vaksne	Kulturavdelinga
Koordinering og gitt tilskot til forfattarturné i biblioteka for vaksne.	Vaksne	Kulturavdelinga Kommunane
Koordinerer innkjøp av e-bøker og e-lydbøker i fylket.	Befolkninga i fylket	Kulturavdelinga Kommunane
Tildelt midlar til prosjektet LIM – Likeverd – Inkludering og mangfald. Målet er å auke deltaking i kulturlivet av underrepresenterte grupper.	Frivillige lag og organisasjonar Kommunar	Kulturavdelinga Voksenopplæringsforbundet (VOFO)
God Helse samarbeidsavtalar 2020-2023 inngått med kommunane i 2020. Avtalen skal medverke til ønska samfunnsutvikling og utjamning av sosiale helseforskjellar..	Kommunane	Kulturavdelinga